

Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode i Bokn kommune, Rogaland. Fastsett av Bokn kommunestyre 13.12.2022 med heimel i Lov 22.juni 2018 nr 83 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova), § 8-3, § 8-4, § 8-6 og § 8-10.

§ 1 Formål

Forskrifta skal regulere rettigheter og plikter etter kommunelova kapittel 8 for folkevalde i Bokn kommune

§ 2 Verkeområde

Forskrifta omfattar alle med kommunale verv og gjeld deltaking i møte i folkevalde organ, samt andre funksjonar som har direkte samanheng med vervet, deltaking i prosjekt, forhandlingar, synfaringar osv

Folkevalde mottek ikkje løn, men godtgjersle. Det vil sei at utbetaling ikkje gir rett til feriepengar. Godtgjersle er ein kompensasjon for arbeidet som blir utført i vervet som folkevald. Den er oppgavepliktig og skattepliktig.

§ 3 Rett til dekning av utgifter og økonomisk tap

Den som har eit kommunal tillitsverv i Bokn kommune

- a) får utbetalt skyss, kost- og overnattingsgodtgjersle for reiser
- b) erstatning for tapt arbeidsforteneste
- c) dekka utgifter i samband med barnepass, samt funksjonshemma og eldre som har behov for fast tilsyn.

§ 4 Utmåling av utgifter og økonomisk tap

Godtgjering for skyss, kost- og overnatting etter §3 første ledd bokstav a, blir gitt etter kommunen sitt reiseregulativ

Utgifter etter §3 første ledd bokstav b, blir etter rekning dekka slik:

- Full dekning for dokumentert tap i arbeidsinntekt pr arbeidsdag
- Inntil kr 2000,- for dokumentert tap i arbeidsinntekt pr arbeidsdag.
- Inntil kr 4000,- for legitimert tap i næringsinntekt i forbindelse med kommunalt tillitsverv pr arbeidsdag

Utgifter etter §3 første ledd bokstav c, vert dekka med inntil kr 100 pr time inntil kr 700,- pr dag/møte. Utgifter til barnepass dekkes til og med det året barnet fyller 12 år. Denne begrensinga gjeld likevel ikkje barn som er funksjonshemma eller psykisk utviklingshemma.

Lønsmottakarar må legge fram legitimasjon/erklæring frå arbeidsgivar.

For sjølvstendig næringsdrivande vert likningsattest brukt som dokumentasjon.

Udokumentert tap av arbeidsforteneste, utanom ordinær arbeidstid, kan i særskilde høve godkjennast.

Beløpa kjem i tillegg til ordinær møtegodtgjersle.

§ 5 Godtgjersle for ordførar

Ordførar si godtgjersle i full stilling (100 %) vert sett til 80 % av løn til ein stortingsrepresentant og vert innmeldt i kommunen si pensjonsordning KLP, pensjonsordning 18. Godtgjersla til ordførar er til ei kvar tid lik 80 % stortingsrepresentantane si løn.

Ordførar får ikkje godtgjersle for andre verv. Godtgjersle skal utbetalast kvar månad.

Det vert ikkje utbetalt honorar for enkeltmøter i tillegg til fast honorar.

Ordførar får tildelt PC og mobiltelefon frå kommunen ved behov og telefongodtgjersle tilsvarande kommunedirektøren.

Ved tenestereiser dekkes utgifter etter føresegnene i kommunen sitt reiseregulativ

§ 6 Godtgjersle for varaordførar

Varaordførar si godtgjersle vert sett til 15 % av stortingsrepresentant si løn og skal utbetalast kvar månad.

Honoraret skal dekke alle oppdrag varaordførar utfører for kommunen.

Det vert ikkje utbetalt honorar for enkeltmøter i tillegg til fast honorar.

Ved tenestereiser dekkes utgifter etter føresegnene i kommunen sitt reiseregulativ

Når varaordførar fungerer som ordførar samanhengande over en periode på ein månad eller meir, skal han/hun ha honorar som ordførar.

§ 7 Godtgjersle for Formannskapet

Formannskapet sine faste medlemmer får ei fast godtgjersle tilsvarande 3 % av stortingsrepresentants løn. Godtgjersla skal utbetalast kvar månad.

Honoraret dekker alle møter og befaringar der medlemmene er lovleg kalte inn. Det vert ikkje utbetalt honorar for enkeltmøter i tillegg til fast honorar. Honorar for kommunestyremøte og eventuelt andre verv kjem i tillegg.

Om folkevalde med fast honorar har meldt forfall, eller vore fråverande frå meir enn 25 % av møta, fører det til at det faste honoraret vert redusert med 25 %. Om folkevalde med

fast honorar har meldt forfall, eller vært fråverande frå meir enn 50 % av møta, fører det til at det faste honoraret vert redusert med 50 %. Om folkevald med fast honorar har meldt forfall eller vore fråverande frå meir enn 75 % av møta, fører det til at det faste honoraret vert redusert med 75 %.

Folkevalde med fast honorar som har fråvær i enkeltmøter vert trekte tilsvarande møtehonorar som vert utbetalt vara.

Varamedlemmer si godtgjersle vert sett til kr 800,- pr. møte. Varamedlemmer som møter i einskildsaker får godtgjersle som for andre møte.

§ 8 Godtgjersle for Forvaltningsstyret

Forvaltningsstyret sine faste medlemmer får ei fast godtgjersle tilsvarande 2 % av stortingsrepresentants løn. Godtgjersla skal utbetalast kvar månad.

Honoraret dekker alle møter og bevaringar der medlemmene er lovleg kalte inn. Det vert ikkje utbetalt honorar for enkeltmøter i tillegg til fast honorar. Honorar for kommunestyremøte og eventuelt andre verv kjem i tillegg.

Om folkevalde med fast honorar har meldt forfall, eller vore fråverande frå meir enn 25 % av møta, fører det til at det faste honoraret vert redusert med 25 %. Om folkevalde med fast honorar har meldt forfall, eller vært fråverande frå meir enn 50 % av møta, fører det til at det faste honoraret vert redusert med 50 %. Om folkevald med fast honorar har meldt forfall eller vore fråverande frå meir enn 75 % av møta, fører det til at det faste honoraret vert redusert med 75 %.

Folkevalde med fast honorar som har fråvær i enkeltmøter vert trekte tilsvarande møtehonorar som vert utbetalt vara.

Varamedlemmer si godtgjersle vert sett til kr 800,- pr. møte. Varamedlemmer som møter i einskildsaker får godtgjersle som for andre møte.

§ 9 Godtgjersle for Kommunestyret

Medlemmer av Kommunestyret får møtegodtgjersle med kr 1000,- per møte.

Varamedlemmer si møtegodtgjersle i kommunestyret er kr 1000 per møte.

Varamedlemmer som møter i einskildsaker får godtgjersle som for andre møte

§ 10 Godtgjersle for Kontroll- og kvalitetsutvalet

Medlemmer av kontroll- og kvalitetsutvalet får møtegodtgjersle med kr 1000 per møte.

Varamedlemmer si møtegodtgjersle i kontroll- og kvalitetsutvalet er kr 1000 per møte.

Varamedlemmer som møter i einskildsaker får godtgjersle som for andre møter.

§ 11 Godtgjersle for Leiarar

Leiarane i utvala får fast godtgjersle som følgjande.

- Leiar i Forvaltningsstyret får ei årleg godtgjersle på 4% av stortingsrepresentants løn.
- Leiar i Kontroll- og kvalitetsutvalet får ei årleg godtgjersle på 2% av stortingsrepresentants løn.
- Leiar i eldreråd/råd for personar med funksjonsnedsetting ei årleg godtgjersle på 1% av stortingsrepresentants løn.
- Leiar i Ungdomsrådet får ei årleg godtgjersle på 1% av stortingsrepresentants løn

Den faste godtgjersla skal utbetalast kvar månad.

§ 12 Møtegodtgjersle

For møter i andre kommunale utval , styrer og råd er møtehonoraret satt til:

- ungdomsrådet : kr 500
- eldreråd/råd for eldre og personar med funksjonsnedsetting: kr 500
- andre utval, styrer og råd: 500 per møte (gjelder også representasjon i IKS).

Interkommunale/regionale utval/IKS/private styrer

Folkevalde representantar som kommunen har oppnemnt i interkommunale, regionale eller private styre, råd eller utval, skal godtgjerast etter dette reglementet, dersom ikkje det gjeldande føretaket sjølv utbetalar honorar etter egne satsar.

Komitéar og ad hoc-utval

Medlemmer av ad hoc-utval får utbetalt honorar etter føresegnene i § 12.

Representantane må sjølv gjere krav på honoraret.

Før utbetaling av møtegodtgjersle vert det kravd at det før møtet skal føreligge formell innkalling og ev. sakliste med dokument. Det er vidare ei forutsetning at det vert ført møteprotokoll eller utarbeidd referat frå møtet.

Utbetaling av møtegodtgjersle, reise, kost- og overnatting og tapt arbeidsforteneste, skjer etter at den folkevalde har er registrert i møteprotokollen for det einskilde møte.

§ 13 Utbetalingstidspunkt og justeringar

Ordførar, varaordførar, formannskapet sine medlemmer, samt leiarar av utval og råd som vert godtgjord med ei fast godtgjersle, utbetalast fast årleg godtgjersle i 12 månadsterminar.

Anna godtgjersle vert utbetalt to gangar per år; i juni månad og desember månad.

I dette reglement er alle honorar berekna ut frå stortingsrepresentantane si godtgjersle. Godtgjeringa vert justert i takt med stortingsrepresentantane si godtgjersle. Justeringa i Bokn kommune skjer kvert år per 1. juli.

§ 14 Ettergodtgjersle

Folkevalde i verv på halv tid eller meir beheld ordinær godtgjersle som folkevald etter at dei har gått ut av folkevald verv

- I 1.5 månad dersom vedkomande tek til i ny stilling eller i tidlegare stilling
- I 3 månadar dersom vedkomande ikkje tek til i ny stilling jf. kommunelova § 8-6.

§ 15 Rett til sjukepengar

Folkevalde som har vervet som sin hovedbeskjeftigelse har same rett til sjukepengar som tilsette i kommunen, jf. Kommunelova § 8-8.

«Kommunen skal sørge for at folkevalde som har vervet som si hovudoppgåve, har same rett til sjukepengar som tilsette i kommunen, jf. Kommunelova § 8-8. Det vil seie at dei skal ha same inntekt i sjukepengeperioden som dei har i vervet. Folkevalde vert rekna som frilansar. NAV refunderer ikkje sjukepengar til arbeidsgjevar/kommunen for frilansarar, jf. Folketrygdlova § 8-38.

Når folkevald i slikt verv har sjukefråvær, skal Bokn kommune betale full godtgjersle dei første 16 dagane av sjukefråværet, kommunen vil ikkje få refusjon frå NAV. Frå 17. dagen refunderer NAV sjukepengar inntil 6 gangar grunnbeløpet direkte til den folkevalde. Den folkevalde må sjølv krevje sjukepengar frå NAV. Når godtgjersla er høgare enn 6 x grunnbeløp, skal kommunen betale differansen mellom 6 x grunnbeløp og full godtgjersle til den folkevalde. Jf. Lov om kommunar prop. 46 L side 125.

I perioden folkevald tek i mot sjukepengar frå NAV, vert medlemsskapet i pensjonskassen korrigert til den prosent godtgjersla frå kommunen utgjør. Prosenten må utgjere minimum 1/3 av full godtgjersle i den perioden for at medlemsskapet skal teljast med».

§ 16 Rettigheter ved yrkesskade

Folkevalde som har vervet som sin hovudbeskjeftigelse har same rett til ytingar ved yrkesskade som tilsette i kommunen jf. Kommunelova § 8-9.

§ 17 Permisjonar

Folkevalde som har vervet som sin hovudbeskjeftigelse har etter søknad rett til permisjon i samsvar med arbeidsmiljølova § 12-1 til § 12-10, § 12-12 og § 12-15.

Under permisjonen beheld den folkevalde godtgjersla i inntil to veker, med mindre den gjev avkall på den. Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldrepermisjon og permisjon ved barn og barnepassar sin sjukdom har den folkevalde rett til å behalde godtgjersla etter dei same reglane som gjeld for tilsette i kommunen, jf. Kommunelova § 8-10.

Øvrige folkevalde:

Blir fast medlem av formannskapet og utvalsleiarane innvilga permisjon av kommunestyret/ Ordførar, skal godtgjersle opphøyra i permisjonstida. Den som trer inn i plassen, skal ha den same godtgjersla som den som er innvilga i permisjon.

Søknad om permisjon vert handsama etter delegeringsreglementet.

§ 18 Tolkningsspørsmål

Kommunedirektøren gis mynde til å fatte vedtak i enkeltsaker etter denne forskrift.

Formannskapet avgjer legitimasjons- og fortolkningsspørsmål som kan oppstå ved handsaming av godgjerslereglementet.

§19 Trer i kraft

Forskrifta trer i kraft etter vedtak i kommunestyret frå 1. november 2023